

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.10.2006
Sakhandsamar: Terje Arne Krokvik og Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Forprosjekt nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling Helse Stavanger HF**

Arkivsak

2005/495/031

Styresak 016/07 B

Styremøte 14.02. 2007

Bakgrunn:

Styret i Helse Vest RHF behandla sak om skisseprosjekt for nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling i møte 03.05.06, jf sak 39/06. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner vidare planlegging av nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling, Helse Stavanger basert på gjennomført skisseprosjekt/konseptfase.
2. Styret legg til grunn at prosjektet kan vidareførast til forprosjekt innafor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjer:
 - a. Investeringeskostnad på kr 184 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 46 mill
3. Auka driftskostnadar må dekkast innafor Helse Stavanger HF sitt budsjett og føretaket sin del av nye midlar i opptrappingsplanen for psykisk helse.
4. Helse Stavanger HF må i samband med forprosjektet leggja fram ei økonomisk kalkyle som viser korleis føretaket kan finansiera drifta av bygget med opptrappingsmidlar og eigne midlar og samtidig innfri eit resultatkrav i balanse.
5. Helse Stavanger HF må og i samband med forprosjektet utarbeide ei samla oversikt over investeringsprosjekta som viser korleis desse vil påverke den samla driftsøkonomien og korleis dette finansielt kan gjennomførast.
6. Saka blir lagt fram på nytt for godkjenning etter gjennomført forprosjekt

Det ligg no føre eit forenkla forprosjekt. Styret i Helse Stavanger behandla dette i møte 04.09.06 og fatta følgjande vedtak:

- Styret godkjenner forprosjekt for nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatri på Våland som beskrevet i vedlagte saksframlegg
- Styret ber om at saken oversendes Helse Vest RHF for endelig godkjenning.
- Styret forutsetter at det legges fram styringsdokument for prosjektet før det inngås bindende kontrakter.

Saka er i brev av 04.10.06 sendt Helse Vest RHF til behandling. Eit prosjekt i denne størrelse skal behandlast av styret i Helse Vest etter konseptfasen og etter gjennomført forprosjekt.

Saka gjeld no godkjenning forprosjektet.

Kommentarar:

1. Beskriving av prosjektet

Noverande lokale for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling på sjukehusområdet inneholdt eit dag/døgntilbod for barn med 6 plassar, 4 døgnplassar og 2 dagplassar, ein behandlingspost for barn med 2 plassar, 1 døgnplass og 1 dagplass og ein familiepost med 2 plassar. Det er vidare 2 sengepostar med kvar 6 plassar for ungdom i sjukehusbygget kor dei vaksenpsykiatriske tenester er. I leigde lokale i Hillevåg er det polikliniske tenester. Avdelinga yter og ambulante tenester. Skuletilbodet gis av Møllehagen skolesenter.

Byggeprosjektet inneholder:

- poliklinikk
- akuttpost for barn med dag- og døgnplassar
- behandlingspost for barn med dag- og døgnplassar
- behandlingspost for ungdom med dag- og døgnplassar
- familiepost
- lokale for mobilt team (MoT) barn, ambulant team ungdom og autismeteam
- kontor for behandlarar og sekretær frå eksisterande sengepostar for ungdom

Det er i prosjektet lagt inn ein auke i dag- og døgnplassar:

- dagplassar for barn er auka frå 3 til 6 plassar
- døgnplassar for barn er auka frå 5 til 8 plassar
- for ungdom er det 4 nye dagplassar
- døgnplassar for ungdom er auka frå 12 til 15 plassar
- familieplassane er auka frå 2 til 3.

Samla er talet døgnplassar auka frå 19 til 26 mens tal dagplassar er auka frå 3 til 10. Døgnplassane for barn er retta mot korttidsutredning og noko lengre behandlingsoppdrag.

Det er lagt inn 65 kontor for behandlarar og ambulante tenester.

Prosjektet inneber at ein og bygger nye lokale for dei to postane for ungdom som i dag ligg saman med dei vaksenpsykiatriske postane i sjukehusbygget. Det er grunna med behovet for å kunne auke talet på plassar i vaksenpsykiatrien og at ein får samla barne- og ungdomspsykiatrien.

Til grunn for dimensjonering av poliklinikken ligg det ei vurdering av kor mange stillingar som er naudsynte for å gi tilbod til ca 5 % av barne- og ungdomsbefolkinga i Stavanger. Helse Stavanger har her ei særleg utfordring da føretaket har hatt låg dekningsgrad. I 2005 var dekningsgraden 2,9 % av barne- og ungdomsgruppa (Samdata psykisk helsevern 2005).

I planarbeidet er det lagt til grunn at talet på stillingar kan auke med 45 stillingar.

Bruttoarealet er på 6 786. Nettoarealet er på 4 289 m² som gir ein brutto/nettofaktoren på 1,60.

Kostnadsramma blei i samband med skisseprosjektet/konseptfasen sett til 184 mill. kr. Etter gjennomført forprosjekt er ramme no berekna til 210 mill kr. Det er ikkje gjort endringar i prosjekt sidan skisseprosjektet men det er lagt inn ein risikoavsetnad på 10 mill. kr, renter på byggjelån med 6 mill. kr og prisjustering fram til des. 2006.

Det er valt eit bygningskonsept med tre hovuddelar, område for barn, område for ungdom og fellesareal med poliklinikkar. Dei tre hovuddelane vert bundne saman av tverrgående funksjonar og trafikkareal.

Det midtre bygget med fellesareal og poliklinikkar er på fire plan mens dag- og døgntilbodet er på eit plan.

Utbyggingsområdet ligg søraust på dagens sjukehusområde. Arealet er avgrensa frå hovudbygget til psykiatrisk klinikk (vaksenpsykiatrien) med ei byggeforbodssone knytt til vegforbindelsen aust-vest som går i tunnel under sjukehusområdet.

Å leggja bygget på sjukehusområdet kan redusera andre utbyggingsmogleigheter på området. På den andre sida ligg dette tomteområdet sånn til at det er vanskeleg å nyta i ei større utbygging av den somatiske delen av sjukehuset, bl.a. som følgje av tunnelen under området.

Det er under utarbeiding ein ny reguleringsplan for området. Det er ein viss usikkerheit knytt til dette både når det gjeld restriksjonar for bygget som følgje av ei eventuell utviding av Hillevågtunnelen og mogelege ekstra kostnadene.

Det som no ligg føre er eit forenkla forprosjekt. Det tyder at det er tilstrekkeleg detaljert til å kunne nyttast som grunnlag for ei totalentreprise.

Den nasjonale opptrappingsplanen for psykisk helse omfatta også investeringar. Det var to prosjekt i Helse Stavanger som inngjekk i planen. Det var eit nytt DPS (Sola DPS) og ny poliklinikk for barne- og ungdomspsykiatrien. Poliklinikken er ein del av dette prosjektet.

Det er lagt grunn at poliklinikkdelen kostar ca 60 mill. kr.

2. Prosjektets plassering i forhold til det regionale helseføretakets totale tilbod

Barne- og ungdomspsykiatrien i Helse Stavanger består av:

- Poliklinikken i Eigersund
- Poliklinikken på Bryne
- Poliklinikken i Sandnes
- Poliklinikk, dag- og døgntilbod i Stavanger

Tilbodet i Stavanger er lokalisert på sjukehusområdet og i leide lokale i Hillevåg, dvs i kort avstand frå sjukehuset.

Det nye bygget skal samla eksisterande tenester og gje rom for ein styrking av tilbodet i tråd med intensjonane i opptrappingsplanen for psykisk helse.

Utbygginga har ikkje konsekvens for oppgåvefordeling og pasientstraumane i regionen.

3. Lønsemmdsanalyse inklusive økonomiske konsekvensar

Samla byggekostnad var utrekna til kr 184 mill. i skisseprosjektet med basis i prisnivå pr. november 2005. Med ei større risikoavsetning, renter på byggelån og prisjustering fram til des. 2006 er investeringeskostnaden no berekna til kr 210 mill. Den samla investeringeskostnaden er:

Prosjektkostnad BUP	kr 149,7	mill
Eventuell opsjon fjernvarme frå SUS	kr 4,6	mill
Foreløpig reserver/forventa tillegg	kr 10,9	mill
Riving og klargjering av tomt	kr 2,3	mill
Brukarutstyr	kr 15,6	mill
Foreløpig marginar for uføresett 5 %	kr 10,0	mill
Prisstigning fram til des. 2006	kr 10,9	mill
Renter til byggelån	kr 6,0	mill
Sum	kr 210,0	mill

Utbygginga krev ei avklaring med Stavanger kommune om ein mindre del av tomta. Det er ikkje forventa kostnad med dette. Det kan påkomme ein mindre kostnad ved opparbeidning av ein gangveg gjennom området.

Det er i saka frå Helse Stavanger også peika på at ei framtidig utviding eller endring av Hillevågstunnelen kan medføra behov for ekstra tiltak frå føretaket si side. Dette kan ikkje føregripast no.

Det må elles over drifta finnast mellombelse løysingar for drift av funksjonar i bygg som skal rivast.

Som nemnd ovanfor i saka er det berre den polikliniske delen av prosjektet som inngår i opptrappingsplanen for psykisk helse. Denne delen utgjer om lag kr 60 mill og er eit prosjekt som Helse Vest skal bidra til realisering av.

Den største usikkerheita er knytt til marknaden for byggeprosjekt.

Det samla investeringsprosjektet må gjennomførast innafor gjeldande driftsramme og gjennom opptak av byggjelån. Avskrivingsmidlar knytt til investeringar i opptrappingsplanen er innarbeida i basisramma/tilskot til avskrivingar og det blir derfor ikkje gitt noko særskild tilskot ut over denne ramma.

Det er gjort ei ny vurdering av dei driftsmessige konsekvensane ved å gjennomføre prosjektet. Utgiftene vil første året med drift utgjere følgjande:

Auka lønskostnader til BUPA og autismeteam	kr 32,3 mill
Andre driftsutgifter	2,1 "
Bortfall av dagens leigekostnadar og andre interne kostnadar	- 8,8 "
Avskrivningar investering (37 år i snitt)	5,2 "
Rentekostnad	2,4 "
Andre bygningsmessige kostnader	<u>5,3 "</u>
Sum kostnadsauke	kr 38,5 mill
Auka polikliniske inntekter	- 1,7 "
Netto kostnadsauke	<u>kr 36,8 mill</u>

Det er lagt inn ein auke på 45 nye stillingar i prosjektet. Dette basert på ei vurdering av kva som vil vere ei optimal personelldekking. Bygget vil heilt ut kunne tas i bruk med ei lågare personelldekking.

Det vil bli tilsett i fleire av desse stillingane i 2007 og 2008, dvs før bygget er ferdig, med nye midlar i opptrappingsplanen for psykisk helse.

Helse Stavanger vil likevel ikkje kunna få nye midlar i opptrappingsplanen som vil gi grunnlag for ei optimal personelldekking. Helse Stavanger må såleis tilpassa drifta innafor den samla inntektsramma.

5. Økonomiske føresetnader for realisering av prosjektet

Helse Stavanger har gjennom rapportering av 5 årlig investeringsplan meldt inn eit samla investeringsbehov som overstig dei midlane som ligg i basisramma frå Helse Vest. For 2007 får Helse Stavanger avskrivingsmidlar gjennom basisramma på kr 192 mill. Investeringar ut over dette nivå må finansierast med bruk av lån og omprioritering av midlar i basisramma. Helse Vest får kvart år tildelt låneramma for investeringar gjennom statsbudsjettet.

Låneramma for 2007 er ikkje avklart og det må såleis tas ein reservasjon knytt til dette.

Helse Vest har tidligare lagt til grunn at ein vil prioritere låneramma inn mot ferdigstilling av prosjekt i opptrappingsplan psykiatri samt dei store byggeprosjekta som allereie er satt i gang. Dette gjeld MOBA ved Helse Stavanger og nytt lab/bygg ved Helse Bergen. Helse Vest kan ikkje pårekna at lånemidlane vil auke i dei komande åra. Helse Vest har heller ikkje økonomiske bærekraft til å løfte dei samla investeringsplanane då avskrivingar og rente vil påføre føretaksgruppa betydeleg resultatutfordring. Det blir i denne samanheng vist til sak ???/07 B Styring og prioritering av investeringsprosjekt. Saka gir føringar for kva investeringsramma og låneramme føretaka må styre sine investeringsprosjekt innafor.

Tildeling av låneramma blir gjort for eit år av gangen og Helse Stavanger må derfor planlegge framdrifta av prosjektet med bakgrunn i denne situasjonen.

I tabellen under er det vist ein oversikt over byggeprosjekta som Helse Stavanger planlegg gjennomført. Forutan MOBA er det byggeprosjekt innafor psykiatri.

Byggeprosjekt	Plan	Budsjett	2008	2009	2010	2011
	2006	2007				
Sola DPS	50	50				
MOBA	110	170				
BUP		100	100			
Stavanger DPS		10	100	40		
Nye SUS		10	10	10	10	700
Sum byggeprosjekt	160	340	210	50	10	700

Helse Stavanger må prioritere og gjennomføre investeringsprosjekta sine innanfor følgjande rammer:

- avskrivingsmidlar i basisramma (kr 192 mill i 2007)
- lån til investeringar (blir fastsett årleg i statsbudsjettet)
- bruk/omprioritering av midlar i basisramma til å dekke investeringar
- kortsiktig kan ein nytte driftskreditt dersom låneramma eit år ikkje er tilstrekkeleg til å fullføre investeringsprosjektet

6. Plan for forprosjekt

Anbodsgrunnlag kan være klar for utsending tidleg i 2007.

Byggestart kan finne stad sommaren/hausten 2007.

Forslag til vedtak:

Styret for Helse Vest RHF godkjenner forenkla forprosjekt for nytt bygg for barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling i Helse Stavanger HF.

Bygget må realiserast innafor ei kostnadsramme på kr 210 mill (prisjustering pr des. 2006).

Auka kostnadars avskrivinger, renter og drift må dekkast innafor inntektsramma til Helse Stavanger og nye midlar i opptrappingsplanen for psykisk helse.

Drifta av bygget må tilpassast føretaket inntektsrammar.

Styret i Helse Stavanger HF har ansvar for gjennomføring av prosjektet innan kostnadsramma.

Vidare framdrift i prosjektet føresett at lånefinansieringa av prosjektet er avklara.